

Praktisk informasjon

- Oppstart:** august 2009 og januar 2010
- Tidspunkt:** Undervisninga er lagt opp til 5 to dagars samlingar med nokre veker mellomrom.
- Stad:** Vestnorsk Kulturakademi,
Magasinvegen 26, Voss,
- dersom ikkje noko anna er presisert i programmet.
- Påmelding:** Søknadsfristen er 15. juni for haustsemesteret og 4. januar for vårsemester.
- Pris:** Kr 10.000,- per semester
+ semesteravgift som er ca kr 400,-

Generell studiekompetanse eller realkompetanse er nødvendig for inntak. Dersom det fortsatt er ledige plasser, tek vi imot søknader fram til studiestart. Søknaden er bindande ein måned før studiestart.



Tekstilkultur

Studiet i tekstilkultur er eit studietilbod som blir organisert gjennom eit samarbeid mellom Vestnorsk Kulturakademi på Voss og Høgskulen i Bergen, avd. for lærarutdanning. Studiet er lagt opp som eit vidareutdanningsopplegg som kan kombinerast med å vera i arbeid. Kvart semester utgjer 15 studiepoeng. Det vert undervist ca. 85 timar kvart semester (forelesingar, diskusjonar, praktisk aktivitet og ekskursjonar). Undervisninga er konsentrert om fem samlingar kvart semester. Kvar samling går over 2 dagar.

Søknadsskjema og meir informasjon

kan hentast på vår heimeside:
www.kulturakademi.no.

Treng de fleire opplysingar kan de ta kontakt med oss på telefon eller e- post.

Tekstilkultur 2 semester à 15 studiepoeng

Eit spanande studium om tekstilhistorie, ressursar, tilverking, bruk og vedlikehald av tekstilar. Studiet er for alle som arbeider eller er i kontakt med tekstilfag, som t.d. museumstilsette, skreddarar, designarar, bunadsfolk, lærarar, husflidshandverk- arar, kulturarbeidarar og andre. Studiet er eit samarbeid mellom Vestnorsk Kultur- akademi på Voss og Høgskolen i Bergen.

Oppstart: august 2009 og januar 2010
Søknadsfrist: haustsemester: 15.06.2009
vårsemester: 04.01.2010

Målsetting

Målet er å gje ei utdanning på høgskulenivå i tekstilfag med hovudvekt på tekstilkultur, det vil seie tekstilfaget sett inn i den store samanhengen. Studiet omhandlar både tekstilar til klede, innreing og anna bruk. Ein vil få innføring i ulike tekstile material, teknikkar og samanhengen mellom materialval, teknikk, etterbehandling og bruksfelt. I tillegg vert det førelse i den kulturhistoriske utviklinga i faget. Faget kan vera supplerande for studentar ved diverse kulturfaglege retningar ved universitet og høgskular. Studiet er også nyttig for handverkarar, handel og industri.



Oppbygging av studiet

Mesteparten av undervisninga skjer i Vestnorsk kulturakademi sine lokalar på Tvildemoen på Voss. Undervisningsoppbygginga er forskningsbasert. Den pedagogiske grunntanken om læring gjennom handling står sentralt. Undervisninga inkluderer dermed også utprøvingar og demonstrasjonar av forskjellige teknikkar under leiing av utøvarar med praktisk kunnskap og erfaringar på det tekstile området. Det vil også bli ekskursjonar. Det er lagt opp til sjølvstudium mellom samlingane.

Studentane skal i løpet av studiet:

- Tileigne seg eit pensum på ca 800 sider.
- Tekstilkultur 1 – gjennomføre ein 6- timars skriftleg eksamen.
- Tekstilkultur 2 – skrive ei semesteroppgåve på 8-14 sider med relevant tema for den einskilde sitt interessefelt. Semesteroppgåva vert evaluert saman med ein munnleg eksamen.

Tekstilkultur

Tekstilkultur del 1

- med vekt på innføring i materialar og teknikkar. 15 studiepoeng. Presentasjonen av ulike teknikkar og material vil omfatte kort praktisk demonstrasjon, samt historikk. Dette vil bli sett inn i ein kulturell samanheng, og drøfta akademisk.

Datoar og innhald for samlingane:

Samling 1: 27.-28. august 2009.

Introduksjon, oversikt over fagfeltet, kulturvitenskaplege metodar.

Samling 2: 17.-18. september 2009

Grunnleggande kunnskap i tekstilmateriallære. Toving

Samling 3: 8.-9. oktober 2009. Grunnleggande kunnskap

om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 1. Spinning, tvinning, tråkonstruksjon. Repslaging, flette- og knyteteknikkar. Vev og vevteknikkar.

Samling 4: 5.-6. november 2009. Grunnleggande kunnskap

om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 2. Strikking, saum, broderi mm.



Samling 5: 3.-4. desember 2009. Etterbehandling av tekstil: Farging, trykking, etterbehandling.

Eksamen: 6 timar skriftleg eksamen 16. desember 2009.

Tekstilkultur del 2

- med vekt på tekstilar i eit kulturhistorisk perspektiv. 15 studiepoeng.

Her vil det bli arbeidd med kva tekstilane tyder i eit overordna kulturhistorisk perspektiv. Ved kvar samling vil det også vere sett av tid til igangsetting og rettleiing av semesteroppgåva.

Datoar og innhald for samlingane:

Samling 1: 14.-15. januar 2010. Introduksjon, oversikt, igangsetting av arbeid med semesteroppgåva.

Samling 2: 11.-12. februar 2010. Konstruksjon, funksjon i forhold til krav ved bruk og vedlikehald. Berekraftig forbruk. Mønster, fargar, taktilitet, form og dimensjonsproblematikk.

Samling

3 og 4: Samling 3: 11.-12. mars '10. Samling 4: 8.-9. april '10. Den tekstile kulturarven, opphav, handel, organisering, kunst og kulturhistorie.

Samling 5: 6.-7. mai 2010. Tekstilterminologi, analyse, registrering, kompetansemiljø, konservering og bevaring.

Eksamen: Skriftleg semesteroppgåve, innlevering 21. mai 2010. Oppgåva har ein teoretisk og praktisk del som skal forsvarast munnleg 9. juni 2010.



På kvar samling hentar me inn ein gjesteførelsar i tillegg til fagansvarleg. Dette er fortrinnsvis personar med stor fagleg tyngde i forhold til dei tema som vert behandla. På kvart einskild felt blir det gitt ein oversikt over feltet, kort historikk og fordjuping i sentrale delar, der ein avsluttar med å setja det som vert presentert inn i ein større samanheng.